



PER INGE HOVE
Løvstakklie 8
5055 BERGEN

Dato: 20.08.2018
Vår ref.: 2018/10423-21
Saksbehandlar: wengaus
Dykkar ref.:

Per Inge Hove - kontrakt for turné med "Migrasjon - tonane dei bar med seg over havet" - haust 2018

KONTRAKT FOR OPPDRAG - ENKELTPERSONFØRETAK

Denne kontrakten er inngått mellom Hordaland fylkeskommune og : **Per Inge Hove** (heretter kalla Utøvar)

Organisasjons nr.: 996 191 842

1. OPPDRAGET GJELD

Utøvar som sjølvstendig oppdragstakar vert med dette engasjert av Hordaland fylkeskommune til å medverke i produksjonen «**MIGRASONG - tonane dei bar med seg over havet**».

Oppdraget omfattar

- **11** konsertar i følgjande turnéperiode: **09.09 – 23.09 2018**

Medverkande er (namn): **Reidun Horvei Lærum, Øyvind Lyslo, Per Inge Hove**

2. LENGD

Kontrakten gjeld oppdrag av forbigåande art. Kontrakten er mellombels og opphørar utan varsel når siste konsert er gjennomført.

3. PLANLEGGING OG GJENNOMFØRING:

Hordaland fylkeskommune, kultur og idrettsavdelinga er ansvarleg for planlegging og gjennomføring.

Utøvar skal medverke i Produksjonen ved konsertar som er avtalt med Hordaland fylkeskommune.

Utøvar skal, utan særskilt vederlag, medbringe og nytte eigne instrument (hovud/biinstrument) i Produksjonen. Hordaland fylkeskommune er ikkje ansvarleg for oppbevaring og heller ikkje for tap og skade på instrument (hovud/biinstrument).

4. HONORAR (VEDERLAG/UTGIFTSDEKNING)

Som samla vederlag for medverknad i Produksjonen skal Utøvar ta imot eit honorar frå Hordaland fylkeskommune lik:

- **Kr. 4.100,-** pr. konsert

Honorar vert utbetalt etter tilsendt faktura frå Utøvar. Faktura vert å levere Hordaland fylkeskommune innan 14 dagar etter siste konsert.

Fakturaopplysningar:

HFK ynskjer at alle leverandørar sender elektronisk faktura i EHF-format. Vi godtar også elektronisk faktura i formatet e2b.

Vår e-fakturaadresse er: EHF: 9908:938626367.

Aksesspunkt: Visma

Merk fakturaen med 12564 i feltet «Dykkar referanse»/»Deres referanse».

Datoar for oppdrag skal spesifiserast i fakturaen.

NB! Det vert ikkje betalt feriepengar, løn under sjukdom eller andre tillegg til honoraret. Utøvar er ikkje tilsett som lønsmottakar i Hordaland fylkeskommune og vert ikkje omfatta av dei forsikringsordningar som gjeld for tilsette i Hordaland fylkeskommune.

Utgifter som Utøvar måtte ha i samband med reise og diett, som til dømes fergebilletter, bensin eller liknande, kan først som ein sum i faktura. Her må Utøvar leggje med kopiar av kvitteringane.. Originalkvitteringane må Utøvar sjølv behalde til bruk i eige rekneskap. Diett etter statens reiseregulativ. Send eventuelle kvitteringar pr. e-post til: Wenche.Gausdal@hfk.no eller pr. post til:

Hordaland fylkeskommune, kultur og idrettsavdelinga, v/Wenche Gausdal
Boks 7900, 5020 Bergen

Overnatting og leigebil vert bestilt og betalt av Hordaland fylkeskommune, etter fastlagt plan.

5. SKADEANSVAR, FORSIKRING

Utøvar må sjølv teikne og betale for ulykke/skadeforsikring samt forsikring av eige instrument.

6. ANDRE OPPDRAG, BRUKSRETT TIL PROGRAM, OPPTAK OG KRINGKASTING

Det er ein føresetnad at Utøvar ikkje inngår andre avtaler som kan føre til problem for prøver og gjennomføring av Turné innafor den fastsette og godtekne Turnéperiode. Utøvar er sjølv ansvarleg for evt. permisjon frå anna arbeid eller studium under Turnéperioden. Permisjon må vere avklart før kontrakt vert signert.

Opptak eller kringkasting av Produksjon eller deler av denne gjennom fjernsyn, film, fonogram, videoprogram eller anna form for reproduksjon som skal offentleggjerast, kan berre skje med samtykke både frå Hordaland fylkeskommune og Utøvar.

Hordaland fylkeskommune har rett til å gjere opptak (bilete/lyd) av Produksjon for dokumentasjonsbruk.

Vert Utøvar engasjert av tredjepart til framføring av Produksjon skal Utøvar avklare dette på førehand med Hordaland fylkeskommune og godkjenning skal føreligge. Utøvar skal uttrykkeleg angi at konsertprogrammet er utviklet for Produksjonen i nært samarbeid med Hordaland fylkeskommune.

7. UFØRUTSETTE HENDINGAR, OPPSEIING, ERSTATNING M.M.

Dersom hendingar utanfor partanes kontroll før og/eller under turnéperioden gjer det naudsynt å avlyse heile eller deler av Produksjonen, kan Hordaland fylkeskommune mot å betale vederlag bringe kontrakten til opphør med umiddelbar verknad ved skriftleg varsel til Utøvar. Sjukdom hos andre medverkande i Produksjonen vert å rekne som hendingar utanfor partanes kontroll, samt andre forhold hos tredjepart som vert til hinder for gjennomføring av Produksjon etter oppsett plan.

Ved avlysing av Produksjonen i samsvar med avsnittet ovanfor, skal Utøvar ha rett til honorar og godtgjersle etter punkt 4 i kontrakten, jamført plan, og for ein periode på inntil 14 dagar frå opphør av kontrakten. Utøvar kan ikkje krevje erstatning for tap som følgje av opphør av kontrakten.

Kontrakten er sendt ut i to eksemplar. Kontraktspart signerer og sender eitt eksemplar i retur til:
Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Stad/dato:

Stad/dato.....

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga

(Utøvar)

.....
Ronny Skaar
Utviklingssjef/Seksjonsleiar